

Nomatic as i Eid kommune

Oppdragsgivar:	Nomatic as
Prosjekt:	Totalentreprise
Planleggingsår:	2007/2008
Byggeår:	2009
Entreprenør:	Holmøy bygg as
Arkitekt:	Arki arkitektur as
Landskapsarkitekt:	Landskapsarkitekt mnlA Gyril Fimreite



Nomatic AS er en totalleverandør av automatikk løsninger. Det nye kontorbygget til Nomatic ligg sentralt like vest for Nordfjord sentrum, på eit nes ut i fjorden ved Riksveg 15. Området var tidlegare nytta til campingplass, men er i dag regulert om til kontor og bustadformål. Vidare finst det ein bensinstasjon, ein restaurant og småbåthamn innanfor området. I samband med bygging av bustader og kontorbygg er det lagt føringar til at det skal anleggast ein gangveg rundt heile neset.

Kontor og kantine vender ut mot sørvest med flott utsikt over fjorden. Verkstad og varelevering er vendt mot nordaust Vidare er det bygd 18 p-plassar, 2 HC -plassar og 6 carportar og eit bosshus Hovudinngangen er markert med ein tydlig akse i belegget og felles kantine har eigen uteplass i sør. Tomta har nydelig sjøutsikt, men ligg utsett for ver og vind. Det er bygd ein le-vegg mot vest for å skjerme uteplassen. Elles har ein vert påpasseleg å velje planter som skal tåle sjøsprøyt og barfrost.

